



H&H Arkitektkontor
Søberggaten 3
3211 SANDEFJORD

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1875 - 14/6139

Saksbehandlar:
Benjamin Hicks
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:
17.03.2014

Vidare saksgang - Gbnr 55/35 Bruvoll - Utleiehytte med 2 einingar

Det vises til tidlegare kommunikasjon i saka og særleg telefonsamtale av 13.02.2014.

- Løyve frå arbeidstilsynet er sendt oss den 10.03.2014.
- Løyve frå lokal vegmynde er sendt oss den 16.01.2014.
- Blankett 5175 er komplettert og sendt oss den 31.12.2013

Søknad om løyve for kopling til offentlig vatn og søknad om utslippsløyve er motteken av kommunen.

Når det gjeld søknad om utslippsløyve er det manglar ved denne. Vi har i rammeløyve av 19.12.2013 skrive at «Det er pårekeleg at ein vil kunne nytte eksisterande reinseanlegg mellombels fram til reguleringsplanen er vedteken. Det må likevel dokumenterast at anlegget har tilstrekkeleg kapasitet or reinseevne». Det går ikkje fram av søknaden om eksisterande septiktank har tilstrekkeleg kapasitet/reinseevne: «Anleggets dimensjonerte størrelse i antall personekvivalenter» er ikkje opplyst.

Kommunen ynskjer altså ei tilbakemelding om kor mange personekvivalenter anlegget tek imot i dag, og kor mykje anlegget kan ta imot av ytterlegare personekvivalenter.

Det er elles tre vilkår som må vere stetta før igangsettingsløyve for tiltaket kan gis. Vilkåra er:

1. Det må sendast inn søknad om ansvarsrett for uavhengig kontroll for «fuktsikring» og «lufttetthet».
2. Forslag til plassering av bygget i vertikalplanet (kote overkant gulv).
3. Dokumentasjon på at korrekt nabovarsling er gjennomført.

Etter søk i vårt arkiv kan vi ikkje sjå at søknad om ansvarsrett for uavhengig kontroll for «fuktsikring» og «lufttetthet» er motteken.

Vi kan ikkje sjå at innsendte situasjonsplanar er påført kote overkant gulv. Vi kan heller ikkje sjå at blanketten «opplysninger gitt i nabovarsel» er sendt kommunen.

Vi har i vårt rammeløyve av 19.12.2013 skrive at: «Kommunen føreset at alle naboar som tidlegare har fått tilsendt nabovarsel er varsla på nytt og fått kopi av dispensasjonssøknaden». For å stette vilkår 3 er det tilstrekkeleg med ei tilbakemelding på at naboar er varsla om dispensasjonssøknaden.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Vi minner på at ved søknad om igangsettingsløyve må det sendast inn ein oppdatert gjennomføringsplan. (Dette må gjerast for kva del søknad). Dette er ikkje gjort.

Ver vennleg og send inn opplysningane nemnt overfor i ei felles sending slik at motteken søknad om igangsettingsløyve kan handsamast.

Med helsing

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Bruvoll Camping

Hundvinveien 10 5956

HUNDVIN

Mottakarar:
H&H Arkitektkontor

Søberggaten 3 3211

SANDEFJORD